

Plan og byggesak
 Are Frøysland Grande
 Postboks 4
 5906 FREKHAUG

Referanser:
 Dykker:
 Vår: 21/4623 - 21/33345

Saksbehandlar:
 Irene Wilhelmsen
 irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
 18.05.2021

Uttale søknad om dispensasjon fra LNF-føremålet i kommunedelplan og pbl § 1-8 for oppføring av tomannsbustad - gbnr 138/9 Tveiten øvre

I samband med søknad om dispensasjon fra LNF-føremålet har vegavdelinga fått søknad for uttale. Det vert i søknaden vist til at det samstundes vert søkt om dispensasjon for støttemurer i forbindelse med tiltaket.


Kyrkjevegen som går langs tomta er kommunal veg. Det er fleire punkt som må tilfredsstilla ved bygging langs offentleg veg. Ein av dei er dispensasjon frå 15m midt kommunal veg.

Kyrkjevegen er nyleg renovera i forhold til breidde og det er etablert fortau langs delar av vegen. Fortauen ser ut til å vere tilrettelagt for avkøyrslle på den sida som ligg mot den omsøkte tomta. Ein føresetnad for avkøyringsløyve er at avkøyrla vert etablert der det er lagt til rette for avkøyrslle i dag evt. at avkøyrslle vert flytta. Det vil medføre etablering av ny nedsenka fortauskant og reasfaltering som utbyggar må koste.

Det må søkjast avkøyringsløyve, der situasjonsplan for avkøyrla viser sikt i forhold til krav for avkøyrslle over fortau. Det må og ligge føre lengdeprofil i samsvar med dei krav til avkøyrslle som er tilgjengelig via kommunen sine heimesider.

Det må i tillegg setjast av eit areal på minimum 1m på innside av fortau. Dette arealet skal fungere som anna vegareal og disponeras til bl.a. dreneringsgrøft og snøoppplag. Dvs. at ein evt. støttemur ikkje kan ligge tett inn til fortauen. Støttemur kan heller ikkje ta sikt mot fortau. Det skal vere mogleg å snu på eige areal. Det må kunne visast ved målsette teikningar at dette er mogleg med krav til sikt og avstand fortau mot støttemur. Det må og vere fall frå fortau mot avkøyrslle og maks stigning 1/8 som skissene under syner.

Avkøyrslle med nedsenka fortau



Frisiktsoner - Alver	
Fart	LS
30 km/t	20 m
40 km/t	30 m
50 km/t	45 m
60 km/t	70m


Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50
 00


post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
 Organisasjonsnummer: 920 290 922


Detaljeikning for avkøyslse



Lengdeprofil for avkøyslse



Avkøysle over fortau



Vatn og avløp ligg i den kommunale vegen. Det vil i tillegg til avstandskravet fra fortau, vere krav om 4m avstand til VA-anlegg ved etablering av støttemurar. Det kan søkjast dispensasjon frå avstand til VA der det vil bli stilt eigne krav.

Evt. skader på det nyestablerte fortauet og den nyasfalterte vegen som konsekvens av utbygging av denne 2-mannsbustaden, vil kunne gi krav om retting på eigars rekning.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Molvik

Mottakarar:

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG